

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 122	16/1217

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
73/2016	Formannskapet	PS	31.08.2016
79/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Planstrategi for Meland kommune 2016-2020

Vedlegg:

5.mai_Faktagrunnlag planstrategi
Planstrategi for Meland kommune 2016-2020

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I medhald av plan- og bygningslova av 2008 § 10-1 skal kommunestyret minst ein gang i valperioden, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Føremålet med planstrategien er å setje fokus på kva strategiar ein vil velje for vidare utvikling og kva planoppgåver det er viktig å arbeide med i valperioden. Som grunnlag for planstrategien er det utarbeida eit utfordringsnotat, dette har vore drøfta i formannskapet i sak 16/1217.

Vurdering

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men ei strategisk drøfting. Det nye kommunestyret skal vurdere og ta stilling til kva planoppgåver og planbehov, som skal prioriterast i kommunestyreperioden. Utgangspunktet er ei strategisk drøfting av utviklingstrekk og utfordringar som kommunen står framfor. Treng kommunen nye planar, skal eksisterande planar endrast - eller kan tidlige planar takast vekk?

Meland kommunestyre vedtok planstrategi for 2014-2016 i sak 33/2014. Her var fylgjande planoppgåver prioritert:

- *Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, (vedteke)*
- *Barnehageplan, (vedteke)*
- *Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø, (vedteke)*

- *Reguleringsplan regionalt kollektivknutepunkt Flatøy, (under arbeid)*
- *Kulturminnevernplan (i sluttfasen)*
- *Områdeplan Frekhaug, (vedteke)*
- *Områdeplan Flatøy, (under arbeid)*
- *Interkommunal næringsplan, (på høyring)*
- *Miljøplan, (ikkje starta opp)*

Ved ein gjennomgang av planstrategi for 2014-16, ser vi at dei fleste prioriterte planoppgåver sett i gang, avslutta eller i siste fase. Arbeidet med miljøplan er ikkje starta. Dette har ulike årsaker. Miljøplan er eit vidt omgrep og vi bør definere kva som skal vere ein del av ein slik plan og kva status den skal ha. Vidare har arbeidet med arealdelen teke i seg mykje avklaring i høve til miljø. Dette er dokumentert i temakart for kjerneområde landbruk, naturmangfald og friluftsliv. Kulturminneplanen som er under arbeid har og stor grad av miljøforvaltning i seg. Det er og temaplaner under arbeid, innan feltet helse og omsorg er arbeidet med omsorgsplan snarleg avslutta. Revidering av trafikkisikringsplan og bustadsosial melding skal vere ferdig i 2016.

I arbeidet med planstrategi for perioden 2016-2020 har vi utarbeid eit «Utvikling - og utfordringsdokument» som er ein gjennomgang av viktige område for utviklinga av Meland kommune. Der stilte vi spørsmål om status, korleis har utviklinga vore og kva for utfordringar ser vi framover? Dette er notatet er bakgrunn for arbeidet med ny planstrategi for Meland.

I planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan heilt eller delvis skal endrast og om det er behov for nye arealplanar. Kommuneplanen, samfunnsdel(sak 33/2014) og arealdelen (sak 58/2015) er nyleg vedteke etter ein lang og grundig prosess. Slik administrasjon ser det, er det ikkje behov for revisjon av samfunnsdelen. Mål og tiltak i samfunnsdelen vil bli følgt opp i rullering av økonomiplan. Det er eit framlegg i strategien om å revidere arealdelen innan havbruksrelatert næring, slik at ein er betre rusta til å møte endra arealbruk knytt til kysten.

Det er ein del større planoppgåver særleg innan arealbruk t.d områdeplan for Midtmarka/ Rotemyra og Rylandshøgda som det vert arbeida vidare med denne perioden. Reguleringsplanar vert utarbeida av private aktørar i tråd med føringane i kommuneplanen sin arealdel, og er såleis ikkje ein del av planstrategien til Meland kommune.

Planstrategien skal omhandle kva planer som skal utarbeidast for å møte utfordringar. Meland kommune har ei ung befolkning og vi ser at dette er eit utfordringsbilete. Planlegging knytt opp mot barn og unge har eit breitt perspektiv. Ein eller fleire konkrete planer kan gje ikkje svar på alle utfordringar, men ein må ha barn- og unge perspektivet inn i all type planlegging. Særleg gjeld dette arealplanlegging. Målet er å skape gode oppvekstmiljø for barn og unge i utforming av attraktive bustadområder.

Vidare er det frå organisasjonen Meland kommune, peika på at individretta arbeid tek tida i kvardagen. Det langsiktige arbeidet på systemnivå, som helsefremmande tiltak og førebygging, vert nedprioritert. Resultatet er kostbare «reparasjonar» der det hadde vore rimelegare å førebygge. Korleis skal vi planlegge og skape rom for systemarbeid innan tenesteområda, er spørsmål vi på sette på dagsorden.

Denne perioden vil vere prega av å byggja den nye Nordhordlandskommune. Planstrategien for 2016-2020 må sjåast i lys av vedtak om kommunesamanslåing. Sjølv om kommunane skal driva kvar for seg fram til 2020, må planlegging av ny kommune også prioriterast i perioden.

Medverknad

I arbeidet med planstrategien kan kommunen få synspunkt frå statlige og regionale organ og nabokommunar. Forslag til vedtak i kommunestyre skal gjerast offentlig minst 30 dagar før kommunestyre si handsaming. Det er ikkje krav om ordinær høyring.

Planstatus

Planstrategien er ikke juridisk bindande. Kommunestyre kan gjere endringar i planstrategien, ved å setje i gang nye planoppgåver eller avlysa/utsetje planoppgåver.

Framlegg til vedtak:

“Meland kommunestyre vedtek planstrategi for Meland kommune 2016-2020.”

Formannskapet - 73/2016

FS - behandling:

Kommuneplanlegger Kristin Nåmdal orienterte og svarte på spørsmål.

Framlegg til tilleggstekst i møte:

"med tillegg - Oppvekstplan for barn og unge.

- Rullering av plan for idrett, folkehelse og friluftsliv med tanke på rasteplassar og parkering."

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg i møte vart samrøystes vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

"Meland kommunestyre vedtek planstrategi for Meland kommune 2016-2020 med tillegg

- Oppvekstplan for barn og unge.

- Rullering av plan for idrett, folkehelse og friluftsliv med tanke på rasteplassar og parkering."

Kommunestyret - 79/2016

KS - behandling:

Saka vert trekt.